



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	19.11.2009
Tid:	13:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlem. Varamedlem møter etter nærare melding.

Møtet startar med gruppearbeid i samband med kommuneplan-prosessen kl 13.00. Til denne delen av møtet er og einingsleierane og hovudtillitsvalte innkalt. Nærare informasjon ligg vedlagt møteinnkallinga.

#### SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 09/76	Underskrift	
PS 09/77	Godkjenning av protokoll	
PS 09/78	Referatsaker	
PS 09/79	Open post	
PS 09/80	Nytt val etter Sigbjørn Midtbø	2009/569
PS 09/81	Rullering handlingsplan - idrett og fysisk aktivitet/ friluftsliv - Midsund 2010	2009/570
PS 09/82	Husleiesatsar 2010 - Omsorgsbuatadar 300 og 500 serien, Fjordstua og Lønn	2009/573
PS 09/83	Husleige kommunale bustadar 2010	2009/576
PS 09/84	Nytt val etter Kristian Klauset	2009/575

Midsund, 12.11.2009

Helge Orten  
Ordførar

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
Sekretær

**PS 09/76 Underskrift**

**PS 09/77 Godkjenning av protokoll**

**PS 09/78 Referatsaker**

**PS 09/79 Open post**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/569-1

Arkiv: 033

Saksbeh: Gunn Hole

Dato: 29.10.2009

**Saksframlegg**

**Nytt val etter Sigbjørn Midtbø**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/12	Valnemnda	10.11.2009
09/80	Kommunestyret	19.11.2009

**Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

**Behandling i Valnemnda - 10.11.2009**

Etter forslag frå Rådet for funksjonshemma vart noverande varamedlem Martha Midtbø foreslått som medlem og Odd Terje Beinset som varamedlem i rådet.

5 voterande

Forslaget frå Rådet for funksjonshemma blei samrøystes vedteke.

Frits Inge Godø (V) fremma følgjande forslag :

*Som meddomar i lagmannsretten foreslås Johan Oppen.*

5 voterande.

Forslaget vart samrøystes vedteke

Etter forslag frå Eldrerådet vart Anne Kari Heggdalsvik foreslått som nytt varamedlem i rådet.

5 voterande.  
Forslaget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Valnemnda - 10.11.2009**

Som medlem i Rådet for funksjonshemma vart valt Martha Midtbø  
Som varamedlem i Rådet for funksjonshemma vart valt Odd Terje Beinset

Som medomar i lagmannsretten vart valt Johan Oppen.

Som varamedlem i Eldrerådet vart valt Anne Kari Heggdalsvik.

### **Saksutgreiing:**

Sigbjørn Midtbø døde 21. juli 2009.

Sigbjørn Midtbø hadde følgjande verv i kommunen:

- medlem i Rådet for funksjonshemma
- meddomar i lagmannsretten
- varamedlem i Eldrerådet

Meddomarar er valt for perioden 1.05.2008 – 01.01.2013

### **Vurdering:**

I kommunelova § 16 nr. 3 står det:

*”Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutvalg trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Er organet valgt ved forholdsvalg, skal det suppleres fra den same gruppe som den uttredende tilhørte*

*Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.”*

Geir J. Göncz  
rådmann

Gunn Hole  
sekretær

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:** Valte medlemar og varamedlemar  
Rådet for funksjonshemma  
Lagmannsretten  
Eldrerådet



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/570-1

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen  
Orvik

Dato: 30.10.2009

## Saksframlegg

### Rullering handlingsplan - idrett og fysisk aktivitet/ friluftsliv - Midsund 2010

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/2	Midsund Friluftsråd	04.11.2009
09/16	Ungdomsrådet	04.11.2009
09/14	Eldrerådet	09.11.2009
09/8	Kommunalt råd for funksjonshemma	09.11.2009
09/81	Kommunestyret	19.11.2009

#### Forslag til vedtak:

Pri.	Tiltak	Totalkostnad	Spelemiddelbeløp
1	MIL - Tartandekkje	Kr 5 792 000,-	Kr 750 000,-
2	Rakvåg skyttarlag – bytte til elektroniske skiver på 15 m bana for rekruttar	Kr 400 000,-	Kr 200 000,-
3	MIL - Redskapsbo	Kr 706 000,-	Kr 233 000,-
		<b>Kr 6 898 000,-</b>	<b>Kr 1 183 000,-</b>

#### Behandling i Midsund Friluftsråd - 04.11.2009

Enstemmig som tilråding frå administrasjonen.

#### Vedtak i Midsund Friluftsråd - 04.11.2009

Enstemmig som tilråding frå administrasjonen.

## Behandling i Eldrerådet - 09.11.2009

Samrøystes som forslag til vedtak.

## Vedtak i Eldrerådet - 09.11.2009

## Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma - 09.11.2009

Atle Tangen hadde følgjande merknad til saka::

LHL sin trim for hjerte og lungesjuka bør takast med under prioriterte tiltak.  
Samt at ein representant for brukarane må med i prosessen.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

## Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 09.11.2009

Pri.	Tiltak	Totalkostnad	Spelemiddelbeløp
1	MIL - Tartandekkje	Kr 5 792 000,-	Kr 750 000,-
2	Rakvåg skyttarlag – bytte til elektroniske skiver på 15 m bana for rekruttar	Kr 400 000,-	Kr 200 000,-
3	MIL - Redskapsbo	Kr 706 000,-	Kr 233 000,-
		<b>Kr 6 898 000,-</b>	<b>Kr 1 183 000,-</b>

### Saksutgreiing:

Etter plan og bygningslova skal kommunen gjennomføre ei kontinuerleg kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innan sine område. Kommunen må planleggje og samordne si eiga drift og investeringar i eit samarbeid med frivillig sektor.

God helse plana er ein kommunedelplan etter plan og bygningslova, der plan for idrett og fysisk aktivitet er integrert som eit underkapittel. Gjeldande plan vart godkjent i 2007, med ny

hovudrullering i 2010. Handlingsdelen av plana skal rullerast kvart år, og dannar grunnlag for årlege søknader om statlege spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Midsund.

Handlingsdelen (tiltaka) i de ulike planen er basert både på ønska folkehelseprosjekt og friluftslivsprosjekt kartlagt før planoppstart, og på innmeldte ønskjer og behov undervegs i prosessane. I planprosessen kom det fram følgjande mål;

- ✓ Legge til rette for eit folk i rørsle gjennom utforming av bumiljø, gang- og sykkelstiar, merking og skilting av turstiar, tilgang for allmenta til utmark, fjære, fjell og fiskevatn
- ✓ Styrke informasjon om effektane av moderat fysisk aktivitet
- ✓ Gjere kjent effektane av fysisk aktivitet på psykiske plagar og sjukdom.
- ✓ Skape inkluderande nettverk og aktivitetar for alle som ønskjer å ta del i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- ✓ Sikre at tiltaka vi sett i verk jamnar ut sosiale ulikheitar i helse og høva til å vere fysisk aktiv.
- ✓ Større toleranse for forskjellen som gjer oss alle unike, og som gjer at alle har behov for ulik tilrettelegging for å kunne vere aktiv
- ✓ Betre samarbeidet på tvers av ulike fagmiljø
- ✓ Gjere det tryggare å be om og få hjelp for å kome i aktivitet

Prioriterte tiltak skulle vere;

- Turstiar, parkeringstilhøve ved start/ slutt på turområde/ turstigar osv må bli merka med skilt og på turkart slik at folk finn fram, og ikkje opptre til sjenanse for grunneigarar eller anna trafikk på staden.
- Nokre turstiar bør få ei slik utforming at rørslehemma kan bruke dei
- Fremje betre samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar
- Leggje aktivt til rette for leiarutvikling/ leiarutdanning
- Meir bredde i tilboda for fysisk aktivitet for barn og unge. I større grad sjølvinstruerande aktivitetar gjennom multianlegg, lavterskel aktivitet, aktivitet som ikkje er konkurransebasert
- Vedlikehald av anlegg og aktivitetar
- Integrering og deltaking for funksjonshemma
- Integrering av minoritetsinnbyggjarar, særskilt barn og unge, kvinner
- Informasjon om tilbod og aktivitet
- Kommunalt engasjement, tilskot, drift og kunnskap
- Meir bruk av symjehallen utanom skuletid
- Trening i arbeidstida til førebygging av helseskadar
- Idrett/-kulturskuleutvikling
- Betre tilrettelegging for variert fysisk aktivitet i uteområda til barnehagane og skulane
- Plass for rulleskøyter/ brett
- Betre tilrettelegging for vinteraktivitetar

### **Vurdering:**

I sjølve handlingsdelen av planen er ikkje dei ulike tiltaka prioritert, då lista på plantidspunktet hadde meir form av ønskeliste for framtida, utan sikker forankring og framdriftsplan. I plana vart det difor lagt opp til ei årleg rullering og prioritering av aktuelle tiltak i samband med sakshandsaming av innkomne spelemiddelsøknader til frist 25.10. kvart år.

I 2009 er det meldt inn tre søknader, der ein er søknad på restmidlar til MIL friidrettsanlegg, ny søknad spelemidlar til elektroniske skiver 15 m bane, Rakvåg skyttarlag og ny søknad til MIL redskapshus ved sentralidrettsanlegget i sentrum. Alle tiltaka er innanfor spelemiddelordninga til ordinære idrettsanlegg, derav inntil 50 % kan gjevast i form av spelemiddeltilskot.

Det er diverre ingen søknader til tilrettelegging av friluftstiltak i form av stier, parkeringsplassar, sanitæranlegg, skilting og merking. Dette har høg prioritert i fylkesplana, og er vekta tungt frå fylket ved fordeling av desse midlane. Forsking viser og at det er desse tiltaka bredda av befolkninga brukar mest.

**Rakvåg skyttarlag, elektroniske skiver til 15 m bana;**

Rakvåg skyttarlag søkjer om inntil kr 200 000 i spelemidlar til ombygging av 15 meters bana frå papirskiver til elektroniske skiver. Denne bana blir i hovudsak nytta av rekruttane.

**Midsund IL, tartandekke sentralidrettsanlegget;**

Midsund IL fekk i 2009 berre 50 % av spelemidlane til legging av tartan på sentralidrettsanlegget. Denne søknaden står difor ved lag også i år med restbeløpet, kr 750 000. Brukarane av dette anlegget er skulen, og barn og vaksne med interesse for friidrett. Anlegget ble tatt i bruk i sommar, og er ferdig og i bruk.

**Midsund IL, redskapshus ved sentralidrettsanlegget;**

Midsund Il driv mange ulike aktivitetar som krev plass til vedlikehaldsutstyr, oppbevaring og vedlikehald av aktivitetsutstyr. Eit slik hus sjåast som naudsynt for å kunne drive aktiviteten, og er spelemiddelgodkjent med inntil 50 %. Søknadsum kr 233 000.

**Folkehelsekonsekvensar:**

Søknaden frå Rakvåg skyttarlag om ombygging av 15 m bana frå papir til elektroniske skiver møter behova hos skytteinteresserte unge, og legg gjennom dette til rette for skyting som eigenaktivitet og som grunnlag for jakt og friluftsiinteresse generelt. Det gjev og eit aktivitetstilbod som bind saman utøvéra på tvers av alder.

Midsund IL sine investeringar i tartandekke og oppgraderinga av friidrettsfasilitetane ved sentralidrettsanlegget har lagt bredt til rette for at barn, unge og vaksne i alle aldrar skal kunne utvikle sine friidrettsferdigheitar på ein sær god måte. Anlegget ligg opent og tilgjengeleg heile døgnet, og MIL utdannar instruktørar som vil gje tilbod direkte mot barn og unge som å auke friidrettsmiljøet lokalt. Investeringskostnaden er svært stor, og kan berre forsvarast gjennom mange nye brukarar av anlegget. Reiskapsbua er naudsynt ut i frå aktiviteten og mengda av utstyr som må takast vare på, og viktig for å halde oppe kvaliteten og attraktiviteten på anlegga.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen

Geir J. Göncz  
rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådgjevar

**Vedlegg (prenta):** Handlingsplan God helse - idrett og fysisk aktivitet/ friluftsliv 2010

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**

Midsund IL v/ leiar Kåre Bjørnerem, 6475 Midsund

Rakvåg Skyttarlag v/ Ole Ståle Sandnes, 6475 Midsund



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/573-1

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 30.10.2009

**Saksframlegg**

**Husleigesatsar 2010 - Omsorgsbustadar 300 og 500 serien, Fjordstua og Lønn**

<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
09/9	Kommunalt råd for funksjonshemma	09.11.2009
09/15	Eldrerådet	09.11.2009
09/72	Formannskapet	10.11.2009
09/82	Kommunestyret	19.11.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune vedtek å dei nye husleigesatsane (tabell) for 2010.
2. Husleiga i åra framover frå 2011 blir regulert etter Midsund kommune sin prisstigning for kvart år.

**Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma - 09.11.2009**

Samrøystes som i forslag til vedtak.

**Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 09.11.2009**

3. Midsund kommune vedtek å dei nye husleigesatsane (tabell) for 2010.

4. Husleiga i åra framover frå 2011 blir regulert etter Midsund kommune sin prisstigning for kvart år.

### **Behandling i Eldrerådet - 09.11.2009**

Svein Misund foreslå nytt forlag til vedtak;

1. Saka blir utsett og sendt tilbake til administrasjonen, med krav om at den totale kostnadsramma kjem fram i saksutgreiinga.
2. I følge Husleigelova kan ikkje husleiga auke meir enn konsumprisindeksen, så fram det ikkje er vesentlege auke i faste kostnader eller nye investeringar (renovering/vedlikehald, kommunale avgifter, renter på lån osv).

Nytt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Eldrerådet - 09.11.2009**

1. Saka blir utsett og sendt tilbake til administrasjonen, med krav om at den totale kostnadsramma kjem fram i saksutgreiinga.
2. I følge Husleigelova kan ikkje husleiga auke meir enn konsumprisindeksen, så fram det ikkje er vesentlege auke i faste kostnader eller nye insivsteringar(renovering/vedlikehald, kommunale avgifter, renter på lån osv).

### **Behandling i Formannskapet - 10.11.2009**

Eva Tangen (SP) stilte spørsmål om sin habilitet.

4 voterande.

Eva Tangen vart samrøystes kjent habil i saka.

5 voterande.

Teksten i punkt 2 i forslag til vedtak blei endra til :

2. Husleiga i åra framover frå 2011 blir regulert i tråd med prisstigningen kvart år.

Nytt vedtak i Eldrerådet blei lagt på bordet og Frits Inge Godø fremma det som nytt forslag:

3. *Saka blir utsett og sendt tilbake til administrasjonen, med krav om at den totale kostnadsramma kjem fram i saksutgreiinga.*
4. *I følge Husleigelova kan ikkje husleiga auke meir enn konsumprisindeksen, så fram det ikkje er vesentlege auke i faste kostnader eller nye insivsteringar(renovering/vedlikehald, kommunale avgifter, renter på lån osv).*

Det vart votert over forslag frå Frits Inge Godø (V) som vart avvist med 4 mot 1 stemme.

### **Vedtak i Formannskapet - 10.11.2009**

5. Midsund kommune vedtek å dei nye husleigesatsane (tabell) for 2010.
- 2 Husleiga i åra framover frå 2011 blir regulert i tråd med prisstigningen kvart år.

### **Saksutgreiing:**

Administrasjonen har sett på husleiga til Omsorgsbustadar 300 serien , 8 bustadar (dei som er fast i sjukeheimen) og 500 serien, 8 bustadar (dei som står vest for sjukeheimen), Fjordstua 4 bustadar (+ 2 bustadar som ikkje er oppussa) og Lønn 3 bustadar.

Dei som har arbeida med dette er leiar Heimetenesta/Butenesta , Eva Tangen (bustøtte) og teknisk sjef.

Mål med gjennomgangen : Tilpassing til gjengs leie i Midsund, samt lokale tilpassingar mellom kategoriane.

Alle leietakarane er varsla med brev om gjennomgangen og evt. auke i husleiga.

### **Vurdering:**

Husleiga er forandra og justert etter kvadratmeterpris, lokale omsyn og gjengs husleige i Midsund.

Tabell ny husleige 2010.

<b>Bygg</b>	<b>Areal m2</b>	<b>Husleige 2010. kr pr. mnd</b>	<b>Husleige 2009 kr pr. mnd</b>	<b>Auke/minking pr. mnd inkl. prisstigning på 3,1 %</b>
300 serien	71	6190	5496	694
500 serien	56	5980	5496	484
Fjordstua	33	4850	5496	- 646
Lønn	2 x 84 1x 98	6190	5496	694

Foreslår at husleiga blir som i tabell for 2010.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen adm. konsekvensar

Geir Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** ingen

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:** Teknisk og Heimetenesta/Butenesta



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/576-1

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 02.11.2009

**Saksframlegg**

**Husleige kommunale bustadar 2010**

Utvalsak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
09/83	Kommunestyret	19.11.2009

**Forslag til vedtak:**

6. Midsund kommune vedtek dei nye husleigesatsane (tabell datert 02.11.09) for 2010.
7. Skal Midsund kommune bruke husleige som rekrutteringsgrunnlag er det eininga til den tilsette som skal dekkje differansen.
8. Husleiga i åra framover frå 2011 blir regulert etter Midsund kommune sin prisstigning for kvart år.

**Saksutgreiing:**

Administrasjonen har sett på husleiga for kommunale bustadar for 2010. Det er no mage år sidan ein hadde ei total gjennomgang og såg alle bustadane under eit for å sjå på evt. skildnad.

Mål med gjennomgangen : få ei gjengs leie som "passar" i Midsund, samt lokale tilpassingar mellom bygga.

Alle leietakarane er varsla med brev om gjennomgangen og evt. auke i husleiga.

**Vurdering:**

Husleiga er forandra og justert etter kvadratmeterpris, lokale omsyn og gjengs husleige i Midsund.

Har delt inn bustadane i eigne 8 stk og innleidde 9 stk.

Kva som gjer at liknande bustadar ikkje har same husleiga er eg ikkje sikker på. I dei nye satsane er det ikkje teke omsyn til kva for etasje bustaden er i, dette for å få eit enklare system.

Husleiga skal vere gjengs leie. Midsund kommune ( teknisk) skal ha heile husleiga. Dersom husleiga skal brukast til rekruttering av tilsette skal eininga sjølv betale differansen på husleiga.

Foreslår at husleiga blir som i vedlagt tabell for 2010.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen adm. konsekvensar

Geir Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** Husleige 2010

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:** Teknisk



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/575-1

Arkiv: 033

Saksbeh: Gunn Hole

Dato: 02.11.2009

**Saksframlegg**

**Nytt val etter Kristian Klauset**

<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
09/13	Valnemnda	10.11.2009
09/84	Kommunestyret	19.11.2009

**Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

**Behandling i Valnemnda - 10.11.2009**

Frits Inge Godø (V) fremma følgjande forslag :

*Som nytt varamedlem i Viltnemnda foreslås Per Otto Opstad.*

5 voterande.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Valnemnda - 10.11.2009**

Varamedlem i Viltnemnda vart valt Per Otto Opstad.

**Saksutgreiing:**

Kristian Klauset døde 8.oktober 2008.

Kristian Klauset var varamedlem i Viltnemda.

**Vurdering:**

I kommunelova § 16 nr. 3 står det:

*”Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutvalg trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Er organet valgt ved forholdsvalg, skal det suppleres fra den same gruppe som den uttredende tilhørte*

*Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.”*

Geir J. Göncz  
rådmann

Gunn Hole  
sekretær

**Vedlegg (prenta):****Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:** Valt varamedlem  
Viltnemda